

Tryggleiksreglar for aktivitetar i regi av Ville Krefter/Tafjord AS

Tryggleiksreglane under er ein del av eigenerklæringsskjema. Alle våre gjestar må lese igjennom å signere vår eigenerklæring før deltaking.

Å rappellere innebærer alltid en viss risiko ulykke eller skader. Ville Krefter er pålagt strenge krav til sine sikkerhetsrutinar både innan kontroll av utstyr/anlegg og fagleg kompetanse hjå sine instruktørar. Dette har som formål å redusere risiko. Våre erfarne instruktørar må årleg fullføre et internkurs spesifikk for aktivitet på Zakarias. Undertegnede er på denne måten gjort oppmerksom på at aktiviteten inkluderar ein viss risiko. All klatring og aktivitet er på eige ansvar.

Rappellering og Via Ferrata

- All rappellering på Zakarias og K1, samt bruk av Via Ferrata **er forbudt** utan følge av godkjent instruktør/guide
- Følg alltid instruktøren sine instruksjer
- Kast aldri stein ved Zakariasdammen
- Via Ferrata taua er eit sikringstau, og skal ikkje aktivt benyttast som klatretak på vegen opp
- Alle deltakarar må benytte godkjent utstyr frå Ville Krefter - husk å levere tilbake lånt utstyr
- Aldersgrense på rappellering ved Zakarias er 15 år/10. klasse, K1 er 12 år/7. klasse
- Personar under 18 år skal ha med skriftleg godkjenning av foresatt
- Maksimal vekt for deltaking er 120 kg
- Deltakarar kan ta med kamera/Gopro, men må sørge for at dette er festa til kropp under heile aktiviteten
- Personar som er alkohol- eller ruspåverka, eller er utanfor alder/vekt kan ikkje delta
- Dersom du er gravid eller har andre helserelevante utfordringar må dette avklares med lege før deltaking.
- Du er pliktig til å informere instruktøren om helserelevante utfordringar som kan påvirke aktiviteten.

Påbudt sikringsutstyr for deltakara

- Klatrehjelm med hakestropp
 - Hjelmen skal sitte og være festa under heile aktiviteten
 - Pass på at stroppa er stram nok so den ikkje kan gli over haka
 - Hjelmen skal sitte tett på hovudet, so pass på at strammainga sitt godt
 - Ta gjerne kontakt med instruktøren for å godkjenne at hjelmen sitt riktig på
- Standard klatresele
 - Klatreselen skal være på under heile aktiviteten
 - Klatreselen skal sitte stramt på både i livet og rundt hoftene
 - Dersom du tar av eller justerar på selen etter at instruktør har godkjent selen, må instruktør kontrollere den på nytt
- Via Ferrata slynge (gjeld Zakarias)
 - Slynnga skal være festa i sentralløkka i klatreselen under heile aktiviteten
 - I via ferrata løypa opp frå juvet skal alltid minimum ein karabin være festa i sikringstauet

Bekledning for aktivitet på Zakariasdammen

- Gode sko
 - Via Ferrata løypa er periodevis utfordrande, og det er viktig med gode sko som sitt godt på underlaget
 - Sandalar er ikkje tillatt
- Kle etter vér og vind
 - Det kan både bli kaldt og vindfullt på Zakariasdammen sjølv på ein varm sommardag. Ta derfor med klede som kan halde deg varm når du ikkje er i aktivitet.
- Hanskar – ikkje påbudt, men anbefalt
 - 60 meter er en lang rappell! Vi anbefaler deg å ta med eit par hanskar med solid yttermaterial. Dersom du ikkje har kan dette lånast hos oss.

Eigenerklæringsskjema – Rappellering på Zakariasdammen + K1

- Eg bekreftar å ikkje være påverka av alkohol eller rus.
- Eg bekreftar at eg ikkje er gravid.
- Eg bekreftar å ha informert Ville Krefter eller deira partnerar/guidar/instruktørar om mine helseproblem eller medisinbruk som kan påvirke min prestasjon under rappelleringen.
- Eg bekreftar at instruktørar/guidar kan ta bilde av meg og benytte bileta/film i markedsføring av aktiviteten/Ville Krefter.
- Eg tek fullt ansvar for å erstatte lånt utstyr dersom eg øydelegg eller mistar lånt utstyr.
- Eg forstår at aktiviteten inneber ein viss risiko, og verken Ville Krefter eller deira partnerar/guidar/instruktørar kan bli halden ansvarleg dersom et uhell eller ulykke skulle oppstå dersom eg ikkje følg instruksar frå instruktør.
- Eg bekreftar at eit kvart søksmål mot Tafjord/Ville Krefter eller deira partnerar/guidar/instruktørar vil følge norske lover og bli ført foran norsk domstol.
- Eg er inneforstått med at verken Ville Krefter/Tafjord AS eller instruktørar som opptre på vegne av dei, kan ikkje bli halden ansvarleg for uhell eller skade. Med uhell eller skade inngår både personskade og skade på utstyr.
- Eg bekreftar å ha lest igjennom Ville Krefter sine tryggleiksreglar for rappellering og via ferrata, og ved å signere under aksepterer eg risikoen som følger meg aktiviteten.

Dato	Fult navn	Signatur